

BØKER

# Quisling som filosof

**Forfatter Else M. Barth er godt skodd til oppgåva. Om ein meir kritisk konsulent hadde forbarma seg over denne boka, kunne ho blitt ståande som ei viktig referanse i debatten om Quisling, skriv Bjarne Øvrelid.**

Vidkun Quisling har ein unik posisjon i norsk krigsmytologi. Han har mellom anna oppnådd å få etternamnet sitt omgjort til eit substantiv som har vorte eit globalt synonym for forrædar. Det er ironisk nok det næraste Quisling kom målet han hadde om å bli «universell profet».


## Filosof på ville vegar

Quislings filosofiske tankar om «universisme» har lenge berre vore eit myteomsponne dokument som mange forskarar har venta på med nyfiken entusiasme. Else M. Barth, professor i analytisk filosofi og logikk, fekk tilgang på dokumenta tidleg på 90-talet. Det synta seg å vere ein bunke manusark og notabøker på tilsaman 343 sider, ei fragmentarisk samling av filosofiske tankar som i samla sum framstår som eit underleg blandingsprodukt med inspirasjon frå Augustin, Luther, taoisme, Hegel, Schopenhauer og mykje anna.

Trass i dokumentas fragmentariske form, avteiknar det seg eit mønster i Barths analyse: Quisling framstår på eit underfundig vis som promississlaus dualist, noko som gjer han til ein politisk filosof på ville vegar.

## Skeivt ut

Professor Barth er i utgangspunktet godt skodd for gjennomgangen av Quislings dokument, ettersom ho syner solid innsikt i Quislings referansar. På den andre sida stussar eg over professorens val av vitksapeleg grep. Eg kan ikkje med min beste vilje få Barths prosjekt til å gå i hop. Ho formulerer følgjande problemstilling på side 22: «*Finnes det i disse papirene... særtrekk ved Quislings tenkning, ordvalg, resonnementer og uttrykksformer som setter ham, som politisk tenkende person, i en særstilling blant hans norske samtidige?*» På side 271 skriv ho at svaret er: «*et klart ja, i høyeste grad.*» Konklusjonen er grei nok i den forstand at svaret, for så vidt uavhengig av dei filosofiske dokumenta, er sjølvinnlysande. Ein meir unik og mislukka einstøing finst vel knapt i norsk historie. På i Norge slutta opp om han. Den tyske okkupasjonsmakta var mildt



Else M. Barth  
*Gud, det er meg. Vidkun Quisling som politisk filosof.*  
Pax forlag 1996.

sagt skeptisk. Hitler hadde ikkje vidare sans for mannen. Som forsvarsminister i regjeringa Hundseid og som figur i det politiske landskapet generelt framstod han som ein raritet. Ein slik fyr tenkte berre ikkje som «sine norske samtidige».

Eit slikt faktum opnar sjølv sagt og for spørsmålet om kor farleg han og hans tankar var, om Quisling vert sett som ein politisk førar som skulle gå for eiga maskin i eit land som Norge. Som kjend trong han god hjelp utanfrå for å få ein politisk funksjon i Norge.

Med andre ord: Om god forskning handlar om å formulere presise problemstillingar som opnar for nye og viktige innsikter, kjem Barth definitivt skeivt ut frå hoppkanten. Særleg fordi dei sidene ho skriv mellom problemformulering og konklusjonen knapt tar tak

i den siterte problemstillinga i det heile.

At ho spissar til prosjektet sitt ved å referere til forståing av «Quislings sinn» via tekstane hans, gjer eigentleg ikkje saka betre. Da må ho i alle fall argumentere for at Quislings tekst løyner eit tenkande subjekt som er unikt, altså at tekstane i seg sjølv er uttrykk for Quislings individuelle, unike sinn, ein tanke som i alle fall er gått av moten i moderne tekstanalyse.

Særleg vert dette utgangspunktet underleg når det vert relatert til Barths funn: Quislings tekstar er plagiatfragment og hjelpeause forsøk på å spinne på andres diskursar.

Interessa for Quislings sinn handlar nok først og fremst om at Barth vil dokumentere at Quisling ikkje var så intelligent som andre forskarar på «gåten Quisling» har hevda. Men ingen har for så vidt hevda at han var ein intelligent filosof. Snarare ein intelligent krigsskulestudent, og med all respekt for Machiavelli handlar det om noko anna.

## Quislings dualisme

Dermed er det ikkje sagt at boka er uinteressant. Barths analyse gir solid dokumentasjon på 3 område:

- 1) Innhaldet i Quislings filosofi.
- 2) Kvar Quisling har kjeldene sine frå.
- 3) Korleis Quislings filoso-

fiske røter kan tenkast å romme potensiale for politisk barbari.

Det er desse trådane Barth i røynda følgjer. Det er desse trådane eg sjølv vil følge i resten av denne bokmeldinga.

Barths gjennomgang av Quislings skrifter syner mange ingrediensar i Quislings universisme.

Eit grunnelement er Quislings stormannsgalskap. Han seier (i alle fall indirekte) at han er Gud, noko Barth først knyter til gnostisismen som ho meiner kan leie til «ren selvforgudelse». Seinare vert Luthers tilnærming mellom Gud og menneske trekt fram som føringar i same retning.

Fichtes og Heideggers fridomsideal vert og utlagt som moglege inspirasjonskjelder for å gi mennesket (og Quisling) utilbørlig handlingsrom. Nietzsches idear om neste-kjærleiken som svekker «livsenergien» vert ei anna kjelde til Quislings amoralske prosjekt.

Noko av det mest sentrale i Quislings filosofi er todelingsmanien hans: dualismen. Han presenterer gudelære, kontinent, folkegrupper, menneskelege eigenskapar etc. etc. i motsetnadspar. Inspirasjonskjelder for Quislings dualisme er først og fremst Hegels dialektikk som han tar seg til rette med. Ved hjelp av Hegel gjer han verda til ein kamparena mellom onde og gode krefter. På liknande vis nyttar han taoismens kamp mellom Yin og Yang.

I Quislings penn vert motsetnadspar til idear om verda som ein kamparena mellom uforsonlege krefter ein kamp han etter kvart kjem til å sjå på som «heilag krig», med ein god porisjon «blodsmystikk» med på kjøpet. Sterkt inspirert av ein viss de Maistre (levde på siste halvdel av 1700-talet) symboliserer blod for Quisling strid, soningsoffer, heroisme etc.

Augustins såkalla «ufeilbarlighetstenking» («Den tar aldri feil som anskuer intellektuelt») vert ei av fleire kjelder til utlegginga av Quislings manglande evne og vilje til sjølvkritikk og dialog.

Barth får laga eit mønster av desse trådane: ein kombinasjon av uforsonleg og naudsynt strid mellom motsette krefter, individets rett til å ta seg til rette (på vegner av ein ide), det naudsynte ved kamp og blodsutgyting. Med andre ord ei passende filosofisk overbygning over fascismens og nazismens kamp mot all verdas fiendar.

## Barth versus Hegel

Barth nyttar minst like mykje energi på eit oppgjer med bestemte filosofiske retningar som på Quislings tankar i seg sjølv (noko som underbygger mitt poeng som at det egent-

leg ikkje er Quisling som individ som står i fokus). Ho brukar difor mykje plass på å kritisere filosofar som ikkje alltid er konkret paviseleg utgangspunkt for Quislings tankar.

Fichte, Heidegger og Nietzsche er farlege fordi dei set menneskets fridom i sentrum uavhengig av ferdiglaga kollektive samfunnsnormer. Dette er ei diskutabel framstilling mellom anna av Nietzsche som like gjerne kan utlegast som frigjeringsfilosof (mennesket må skape sitt eige liv og ikkje la seg tyne av konvensjonane).

Ho tar aldri høvet gå frå seg til å utlegge Hegel (og den tyske idealismen generelt) som føresetnad for diktatur og lagar med tydeleg harme eit slektskap mellom Hegel og Lenin (og til dels Mao).

## Feilslutning

For meg vert det eit spørsmål om Barth her gjer seg skuldig i ei analytisk feilslutning. Alle filosofar Quisling har lese eller vore i nærleiken av vert farlege, antidemokratiske og totalitære og tydelege eller moglege ingrediensar i nazismens og fascismens kokobok. Barths analyse hadde sårt trengt til ei referanseramme gjennom heile boka: Fascismens og nazismens ideologiske særprege. Denne ideologien er (som Umberto Eco sjølv får syne fram i denne boka) ein parasitisk bastard, som grip til det som kan brukast for å legitimere politisk brutalitet. At fascisismen og nazismen vert eit samansurium utan vitksapeleg intelligens og heilskap ligg difor i sakas natur.

Kva filosofane (som Quisling tangerer) står for kvar for seg, vert difor ikkje nødvendigvis det same som dei politiske konsekvensane dei får i hendene på ein mann som Quisling. Dialektikk er ikkje identisk med diktatur. Difor vert det òg gale å angripe Quisling for mangel på logikk og vitksapeleg konsistens. Han kan derimot angripast for mykje anna. Quislings tankar som reiskap for nazistisk og fascistisk motivert handling gir definitivt mening så det rekk.

Tekstane til Quisling vert difor først og fremst interessante som eit case på korleis nazistisk og fascistisk ideologi kan bryggast i hop.

Når eg i tillegg til desse innvendigane har ergta meg over gjentakingar, fragmentarisk framstilling og manglande språkleg presisjon, ser eg meg nøyd til å konkludere med følgjande:

Om ein meir kritisk konsulent hadde forbarma seg over denne boka kunne ho blitt ståande som ei viktig referanse i den heilt sikkert uavslutta debatten om Quisling.

Bjarne Øvrelid